



VOLDA KOMMUNE
Administrasjonssjefen
6100 VOLDA

Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0333 Oslo

VOLDA, 10.03.05

Vår ref
JBK-05/00406

Løpenr.
002146/05

Arkivkode
S

Dykkar ref.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NOU 2004:26 HJEMFALL - FRÅSEGN

Vi melder med dette frå at KOMMUNESTYRET den 03.03.05 hadde føre ovannemnde som sak 0016/05, der det vart gjort slikt vedtak:

Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar. Straum er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet på line med mellom anna renovasjon, vatn og avlaup. Det er difor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap, og nye heimfallsreglar må ha som mål å sikre slik eigarskap.

Volda kommune gir slik fråsegn til NOU 2004: 26 Heimfall - i prioritert rekkjefølgje:

- a) Staten bør prøve ut nærare om dagens heimfallsordning verkeleg er i strid med EØS-avtalen for det vert lagt fram endeleg framlegg om lovendring.*
- b) Fylke og kommunar får unntak for heimfall, og skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar. Både lovtidspunktmodellen og transaksjonsmodellen kan akseptierast under føresetnad av at kommunar og fylke får unntak.*
- c) Dersom unntak ikkje vert gjeve for kommunar og fylke, vert transaksjonsmodellen prioritert framfor lovtidspunktmodellen.*

Saksutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Med helsing

Volda kommune, Servicekontoret

Anne-Karin Egseth
Anne-Karin Egseth
sekretær

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org. nr.	939 760 946
Stormyra 2	70 05 87 03	70 05 87 01	Postgiro skatt	0827.5915190
6100 VOLDA	(dir.innval til saksh.)	70 05 87 51	Bankgiro	3991.07.81727
		70 05 88 71		
		70 05 88 56		
Gateadresse:		70 05 87 91		
Stormyra 2				

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 05/00406

NOU 2004:26 HJEMFALL - FRÅSEGN

Sakshandsamar:	Jarle B. Krumsvik	Arkiv: S
Saksnr.:	Utval	Møtedato
0018/05	FORMANNSKAPET	21.02.2005
0016/05	KOMMUNESTYRET	03.03.2005

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Jarle B. Krumsvik	Arkiv: S
Arkivsaksnr.:	05/00406	

NOU 2004:26 HJEMFALL - FRÅSEGN

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Volda kommune gir slik fråsegn til NOU 2004: 26 Heimfall - i prioritert rekkjefølgje:

- Staten bør prøve ut nærare om dagens heimfallsordning verkeleg er i strid med EØS-avtalen før det vert lagt fram endeleg framlegg om lovendring.*
- Fylke og kommunar får unntak for heimfall, og skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar. Både lovtidspunktmodellen og transaksjonsmodellen kan akseptertast under føresetnad av at kommunar og fylke får unntak.*
- Dersom unntak ikkje vert gjeve for kommunar og fylke, vert transaksjonsmodellen prioritert framfor lovtidspunktmodellen.*

Samandrag:

Vasskrafta har i Noreg vore ein vital infrastruktur som tradisjonelt har vore i offentlig eigedom. Staten eig nesten 50 %, kommunane i overkant av 40 %, medan private aktørar er avgrensa til ca. 10 %. For private og utanlandske eigarar medfører dagens konsesjonssystem at konsederte vassfall, reguleringar og kraftanlegg, vil tilfalle staten med full eigedomsrett ved utløpet av konsesjonsperioden. Offentlege aktørar kan derimot få tildelt evigvarande konsesjon utan heimfallsvilkår.

Olje- og energidepartementet (OED) sende den 1. desember 2004 ut Hjemfallsutvalgets utgreiing med forslag til nye reglar om heimfall i NOU 2004:26 Heimfall på høyring med svarfrist 1.ars 2005. OED har sendt høyringsdokumentet til alle kommuner /fylkeskommuner og bedrifter som forslaget får verknad for.

Saksopplysningar:

Dagens konsesjonsreglar handsamar ulikt offentlig (statlig, kommunal og fylkeskommunal) eigde og privat eigde kraftforetak ved at berre dei private har konsesjonar med heimfall til staten, medan dei offentlege konsesjonane er evigvarande. ESA hevdar at dagens ulikehandsamingar i strid med EØS-avtalen. Heimfallsinstituttet som sådan er ikkje i strid med EØS-avtalen.

OED hevdar at EØS-avtalen ikkje gjeld for vannressursforvaltninga, men har likevel nedsett eit lovutval for utarbeiding av nye reglar om heimfall. Utvalet på 12 medlemmer har vore samansett av representantar for tre departement, kraftbransjen, prosessindustrien, fagorganisasjonane, kommunesektoren og tre uavhengige.

Eit samrøystes utval går inn for ei videreføring av heimfallsordninga og oppheve dagens ulikehandsaming. Heile utvalet foreslår like reglar for framtidige kjøparar. Utvalet er imidlertid delt i fleire fraksjonar når det gjeld utforminga av nye heimfallsreglar.

Fleirtalet i utvalet foreslår nye heimfallsreglar for alle eigarane frå lovvedtaket (**lovtidspunktmodellen**), slik at alle dagens eigarar får nye konsesjonar på 75 år med heimfall til staten. Vidare foreslår seks av medlemmene i utvalet at eigarane på heimfallstidspunktet får fasthalde 1/3 som ei form for kompensasjon (**partiell heimfall**). Eit mindretal ved medlemmene frå KS, LO og LVK har foreslege at nye heimfallsreglar først skal ha verknad ved særskilte *transaksjoner* frå eigarane si side, så som sal e.l. (**transaksjonsmodellen**). Det vert påpeikt at den norske stat må syte for ei avklaring med ESA korleis ein transaksjonsmodell kan innrettast, slik at vitale nasjonale interesser vert ivaretekne samtidig med etterleving av EØS-avtalen. Mindretalet ynskjer såleis å leggje til rette for ei videreføring av dagens offentlege eigarskap innanfor dei rammene som EØS-avtalen og øvrige konkurranserettslege reglar.

Det same mindretalet foreslår vidare at dersom lovtidspunktmodellen vert vedteken, så er det berre dei offentlege eigarane, som på heimfallstidspunktet blir fråtekne sine opprinnelege evigvarande konsesjonar, som skal få kompensasjon. Utvalget er delt på midten for så vidt gjelder ny konsesjonstid. Dei støttar samstundes ei videreføring av dagens konsesjonstid på 60 år.

Det herskar vesentleg tvil rundt EØS-avtalen i heimfallspørsmålet, og kva avgrensninger den legg på Norge i samband med utforminga av nye heimfallsreglar. Mindretalet i heimfallsutvalet ber staten innleie dialog med ESA for avklaring og utforming av ny heimfallsmodell, slik Noreg har gjort i ei rekkje andre saker.

Vurdering:

Det er naturleg at kraftselskapet og kommunane som eigarar har samanfallande interesser i denne saka. Eg syner til Tussa-administrasjonen sitt framlegg til fråsegn, som følgjer vedlagt.

Eventuelle konsekvensar av innføring av heimfall for offentleg eigde kraftanlegg:

Avvikling av heimfallsinstituttet vil medføre at marknaden for omsetning av eigarandelar i kraftanlegg vert vesentleg utvida. Dette kan føre til at marknadsverdien av kraftanlegga kan auke.

Eigarnøytralitet vil leggje press på selskapa i høve resultat og effektivitet .

Verdien av eigarandelane i kraftanlegg vil minke dess nærare ein kjem heimfallstidspunktet (jfr. lovtidspunktmodellen). Dette kan utløyse sal av aksjar m.v. i kraftanlegga, slik at kommunar kan kome til å selje seg ut el. redusere sin eigarandel. Utleie kan redusere for salspresset for offentlege eigarar av kraftverk, fordi langsiktig utleie kan verte eit reelt alternativ til sal.

Kan føre til omstrukturering og auka privat og utanlandsk eigarandel i kraftsektoren. Dette kan innebere at eigarinteressene ikkje lenger har lokal forankring. Omorganisering og endringar i eigarskapet kan ha regional effekt på sysselsetjing, kjøp av varer og tenester, samt lokal kompetanse.

Tap av kommunale verdier ved det tidspunktet heimfall skjer (jfr. lovtidspunktmodellen).

Det synest å vere uklart om dagens heimfallsordning er heilt klart i strid med EØS-avtalen. Dette bør staten få prøvd ut før det vert gjort lovendring for å innføre heimfall på konsesjonar i offentleg eige.

Kommunenes Sentralforbund med støtte frå det øvrige mindretalet påviser at flertallet sitt forslag tilgodeser einkvar konsesjonær på heimfallstidspunktet. Dei meiner da at framlegget vil undergrave det offentlege eigarskapet i vasskraftsektoren og heile heimfallsordninga. KS hevdar at dersom den offentlege eigaren ikkje sel ut i konsesjonsperioden, men driv vidare i offentlig regi, vil vedkomande kommune eller fylkeskommune lide økonomisk tap ved heimfall til staten. Dette tapet vil kommunen ha krav på kompensasjon for etter vanlege erstatningsprinsipp. Slik erstatning inneber ingen EØS-rettsstridig ulikehandsaming. Erstatningen er foreslått sett til 45 % av verdien på det heimfalte anlegget (rettighetsmodellen). Dei som vil lide tap er dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar som får nedskore eigeomsretten sin, ikkje dei som kjøper seg inn etter at ny lov er iverksett.

Eg sluttar seg til utkastet til fråsegn frå administrasjonen i Tussa Kraft AS, og meiner det er viktig at kommunar og fylke som ynskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall. Det kan sikrast i eit langsiktig perspektiv ved at kommunar og fylke frå unntak frå heimfall, og skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar. Vidare vil ein transaksjonsmodell som mindretalet i utgreiinga har fremja, gi kommunar og fylke høveleg valfridom.

Helse- og miljømessige konsekvenser av saka:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvenser av saka:

Saka er fremja for å sikre kommunen sine framtidige økonomiske verdiar.


Konklusjon:

Tilråding i prioritert rekkjefølgje:

- a) Staten bør prøve ut nærare om dagens heimfallsordning verkeleg er i strid med EØS-avtalen før det vert lagt fram endeleg framlegg om lovending.
- b) Fylke og kommunar får unntak for heimfall, og skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar. Både lovtidspunktmodellen og transaksjonsmodellen kan akseptrast under føresetnad av at kommunar og fylke får unntak.
- c) Dersom unntak ikkje vert gjeve for kommunar og fylke, vert transaksjonsmodellen prioritert framfor lovtidspunktmodellen.

Vedlegg:

1. Brev frå OED datert 01.12.04 til høyringsinstansane
2. NOU 2004:26 Heimfall
3. Fråsegn frå Tussa Kraft A

for 
Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Utskrift til:

Olje- og energidepartementet, postboks 8148 Dep, 0033 Oslo

Saksprotokoll

Utval: FORMANNSKAPET
Møtedato: 21.02.2005
Sak: 0018/05

Arkivsak: 05/00406
Tittel: NOU 2004:26 HJEMFALL - FRÅSEGN

Tilråding til kommunestyret:

Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar. Straume er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet på line med mellom anna renovasjon, vatn og avlaup. Det er difor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap, og nye heimfallsreglar må ha som mål å sikre slik eigarskap.

Volda kommune gir slik fråsegn til NOU 2004: 26 Heimfall - i prioritert rekkjefølgje:

- d) Staten bør prøve ut nærare om dagens heimfallsordning verkeleg er i strid med EØS-avtalen for det vert lagt fram endeleg framlegg om lovendring.*
- e) Fylke og kommunar får unntak for heimfall, og skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar. Både lovtidspunktmodellen og transaksjonsmodellen kan akseptertast under føresetnad av at kommunar og fylke får unnatak.*
- f) Dersom unntak ikkje vert gjeve for kommunar og fylke, vert transaksjonsmodellen prioritert framfor lovtidspunktmodellen.*

Behandling:

SP v/Marthe Styve Holte kom med fylgjande framlegg som ein ingress til vedtaket:

Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar. Straume er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet på line med mellom anna renovasjon, vatn og avlaup. Det er difor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap, og nye heimfallsreglar må ha som mål å sikre slik eigarskap.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

SP v/Holte sitt framlegg til ingress fekk 8 røyster og vart vedteke. 1 røysta mot.

Saksprotokoll

Utval: KOMMUNESTYRET
Møtedato: 03.03.2005
Sak: 0016/05

Arkivsak: 05/00406
Tittel: NOU 2004:26 HJEMFALL - FRÅSEGN

Vedtak:

Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og rører ved vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar. Straum er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet på line med mellom anna renovasjon, vatn og avlaup. Det er difor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap, og nye heimfallsreglar må ha som mål å sikre slik eigarskap.

Volda kommune gir slik fråsegn til NOU 2004: 26 Heimfall - i prioritert rekkjefølgje:

- g) Staten bør prøve ut nærare om dagens heimfallsordning verkeleg er i strid med EØS-avtalen for det vert lagt fram endeleg framlegg om lovendring.*
- h) Fylke og kommunar får unntak for heimfall, og skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar. Både lovtidspunktmodellen og transaksjonsmodellen kan akseptast under føresetnad av at kommunar og fylke får unntak.*
- i) Dersom unntak ikkje vert gjeve for kommunar og fylke, vert transaksjonsmodellen prioritert framfor lovtidspunktmodellen.*

Behandling:

Arild Iversen reiste spørsmål om han var ugild. Han tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om hans ugildskap.

Vedtak om ugildskap:

Arild Iversen vart samrøystes kjend ugild.

Det var 25 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over 1. avsnitt i tilrådinga frå formannskapet. Det fekk 23 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Det vart røysta over resten av tilrådinga. Den vart samrøystes vedteken.

Høringsinstanser

Deres ref

Vår ref
04/1994Dato
01.12.2004**Høring - NOU 2004: 26 Hjemfall**

Olje- og energidepartementet nedsatte ved kongelig resolusjon 4. april 2003 et bredt sammensatt utvalg for å utrede en videreført hjemfallsordning og utformingen av denne. Utvalget skulle også vurdere behovet for endringer i det nåværende hjemfallsregimet og konsekvensene av å oppheve hjemfallsinstituttet.

Hjemfallsutvalget overleverte sin utredning, NOU 2004: 26, til Olje- og energidepartementet 30. november 2004.

Utredningen sendes med dette på alminnelig høring. Et eksemplar av utredningen følger vedlagt. Utredningen er også lagt ut på nettsiden www.oed.dep.no.

Høringsuttalelser må være departementet i hende senest **1. mars 2005**.

Utredningens kapittel 2 til 6 gir bakgrunn og premisser for utvalgets arbeid og forslag. En vurdering av å beholde dagens hjemfallsregime er gitt i kapittel 7. I kapittel 8 er konsekvensene av å oppheve hjemfallsinstituttet vurdert. I kapittel 9 omtales ulike modeller for et fremtidig hjemfallsregime. Utvalgets anbefaling til fremtidig hjemfallsregime er inntatt i kapittel 10.1. Forslagene er kort gjengitt nedenfor. En nærmere begrunnelse for utvalgets anbefaling er gitt i kapittel 10.2, mens konsekvenser for inntektsfordeling og eierstruktur er omhandlet i kapittel 10.3. Særmerknader er i inntatt i kapittel 10.4, i tillegg til at det er mindretallsmerknader i øvrige kapitler. Økonomisk og administrative konsekvenser framgår av kapittel 11. Kapittel 12 og 13 inneholder lovforslag og merknader til de enkelte paragrafer. Utredningen har tre vedlegg. Vedlegg 1 omhandler investeringer og vedlikehold. En utredning om partielt

hjemfall av utvalgsmedlem Lars Sørgard er inntatt som vedlegg 2. Vedlegg 3 er en EØS-rettslig vurdering av hjemfallsinstituttet skrevet på oppdrag for utvalget av førsteamanuensis dr. juris Olav Kolstad.

Tilrådingene fra utvalget er delte og er i hovedsak knyttet til følgende punkter:

Hjemfallsvilkårets innhold

Utvalgets flertall går inn for løsninger som innebærer at konsesjonæren på hjemfallstidspunktet har en ubetinget rett til en andel i det hjemfalte anlegg eller en andel av det hjemfalte markedsverdi. Blant dette flertallet er det imidlertid ulikt syn på det konkrete innholdet i konsesjonærens rettsstilling. Et forslag om partielt hjemfall som omfatter 2/3 av fall og anlegg samler størst oppslutning i utvalget. Med dette forslaget forblir en eierandel på 1/3 hos konsesjonæren, med en rett for staten til å innløse konsesjonærens eierandel dersom særlige samfunnsmessige hensyn gjør seg gjeldende. Denne modellen er beskrevet i kapittel 9.1.3 og 10.1.1.1. Et annet forslag er tradisjonelt hjemfall til staten med kompensasjon i form av etteroppgjør til konsesjonær. Kompensasjonen er foreslått å tilsvare 20 prosent av hjemfallsobjektet. Staten skal ut fra gitte rammer stå fritt til å beslutte om oppgjøret skal skje i form av økonomisk vederlag eller eierandel. Denne modellen er beskrevet i utredningens kapittel 9.1.2 og 10.1.1.2.

Et mindretall i utvalget går prinsipielt inn for transaksjonsmodellen, hvor vilkår om tradisjonelt hjemfall for offentlig eide kraftverk først utløses ved salg av eierandeler. Det vises til beskrivelse i kapittel 9.1.1, 9.3.2 og 10.4.3. Subsidiært går disse medlemmene inn for en rettighetsmodell, hvor dagens offentlige eiere som på hjemfallstidspunktet må avstå sine kraftanlegg vederlagsfritt til staten, gis rett til 45 prosent av anlegget eller dets verdi. Dette forslaget er omtalt i kapittel 10.1.1.3 og 10.4.3.

Konsesjonsperiodens lengde

Utvalgets flertall foreslår at konsesjonsperioden settes til 75 år. Mindretallet foreslår konsesjonstid på 60 år. Dette spørsmålet er omtalt i kapittel 9.2 og 10.1.2.

Implementeringsmetode

Flertallet i utvalget legger til grunn at den fremtidige hjemfallsordningen innføres etter lovtidspunktmodellen. Det vil si at vilkår om hjemfall pålegges fra lovendringsdato. Forslaget er beskrevet i kapittel 9.3 og 10.1.3. Utvalgets mindretall mener prinsipielt at ny hjemfallsordning bør innføres ved transaksjoner. Det vises til kapittel 9.3.2 og 10.4.3.

Eksisterende private konsesjoner

Utvalgets flertall legger til grunn at private konsesjoner omgjøres slik at de gis ny konsesjonsperiode fra lovendringstidspunktet og med samme hjemfallsinnhold som det utvalgets flertall foreslår for offentlige konsesjoner. Mindretallet mener de private konsesjonærenes rettigheter skal være uendret. Dette spørsmålet er omhandlet i kapittel 10.1.4.1.

Fordeling av hjemfalte verdier

Utvalget foreslår at vertskommunenenes lovbestemte rett på inntil 1/3 av verdien eller andel av kraftverket videreføres. Utvalget foreslår en ny fordeling som modererer overføringen til kommuner som allerede har store inntekter fra kraftutbygging.

Utvalgets flertall foreslår en ordning der det overskytende innenfor tredjedelen, etter at vertskommunene er tildelt verdier eller eierandel, overføres til en større region. Et mindretall går i mot at en større region skal kompenseres i tillegg til vertskommunene.

Forslagene er beskrevet i kapittel 10.1.5.

I utredningen er det fremlagt forslag til lovendringer for de tilrådingene som er fremmet, med unntak av transaksjonsmodellen og rettighetsmodellen, jf. kapittel 12 og 13.

Etter fullmakt

P. H. Høisveen
ekspedisjonssjef

Ove Flataker
avdelingsdirektør

Fråsegn

1 Konklusjon

1.1 Kva vi ønskjer?

Vi vil sterkt rå til at kommunar og fylke, som ønskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall. Det kan sikrast i eit langsiktig perspektiv ved at kommunar og fylke får unntak frå heimfall, og skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar. Dette alternativet er ikkje vurdert av utvalet, men er kasta inn i debatten i det siste. Vidare vil ein transaksjonsmodell som mindretalet i utgreiinga har fremja, gi kommunar og fylke høveleg valfridom.

Dei positive elementa i ei eventuell omlegging kjem klart i bakgrunnen fordi framlegget frå fleirtalet og endå verre frå Staten sine representantar i praksis vil sterkt redusere eller gjere slutt på den lokale og regionale eigarskapen. Dette er ikkje berre ei energipolitisk sak, men også ei industripolitisk sak. Kraftselskapa har vore, er og vil vere svært viktige støttespelarar i utviklinga av lokalsamfunn. Ringverknadene av energiverka sine lokale engasjement er vesentlege når det gjeld sysselsetjing. Med den utviklinga vi ser med nedlegging og utflagging av industriarbeidsplassar, vil truleg kraftselskapa bli endå viktigare for lokalsamfunna framover.

Ein annan konsekvens av framlegget vil vere at makt blir flytta frå lokaldemokratiet til sentraldemokratiet. Vi er overtydde om at lokaldemokratiet er like god eller betre skikka enn sentraldemokratiet til å forvalte dei lokale og regionale naturressursane.

Viss heimfallsordninga skulle bli gjennomført i samsvar med fleirtalsframlegget, vil Tussa Kraft AS som er ei eiga juridisk eining etter norsk lov, krevje full erstatning for tapa vi vil bli påført. For oss ville det vere naturleg å krevje marknadsverdi på heimfallstidspunktet med oppgjer då. Ein slik oppgjersmåte vil medføre at det med omsyn til eit eventuelt aksjesalstidspunkt ville vere nær økonomisk indifferent når eigarar sel seg ut i forhold til heimfallstidspunktet.

Det er positivt at det blir teke sikte på å leggje til rette for eigarnøytralitet i kraftbransjen. Dette vil gjere eigarpartar i kraftbransjen meir omsetjelege, noko som truleg vil kunne gi ein marginal auke i eigarane sine verdjar. I neste omgang vil dette leggje press på selskapa til å levere betre resultat og bransjen som heilskap vil bli meir effektiv. Ein føresetnad for dette er sjølv sagt at eigarskapsoverdragingar ikkje skal krevje konsesjonshandsaming utover det annan norsk industri er pålagt.

Oppsummert

Tussa sitt standpunkt er i prioritert rekkjefølgje

- a) at både lovtidspunktmodellen og transaksjonsmodellen kan akseptrast under føresetnad av at kommunar og fylke får unntak.
- b) om unntak ikkje blir gitt, prioriterer vi transaksjonsmodellen framfor lovtidspunktmodellen.

1.2 Kven er vi?

Aksjonær	Prosent
Ørsta kommune	26,57

Ålesund kommune	14,59
Herøy kommune	12,91
Volda kommune	12,18
Tafjord Kraft AS	11,02
Tussa Kraft AS	9,53
Hareid kommune	5,06
Vanylven kommune	4,96
Ulstein kommune	2,19
Sande kommune	0,70
Hornindal Kraftlag AS	0,30
SUM	100,00

Tussa er ei kraftverksemd på søre Sunnmøre som i hovudsak er eigd av kommunar på Sunnmøre. Hovudområda våre er kraftproduksjon, og nettverksemd. I tillegg driv vi også med enøk, breiband, IT-løysingar og installasjon. Samla omset verksemda for vel 500 mill. kr i året

Av dei 13 kraftverka vi disponerer med ein samla årsproduksjon på vel 560 GWh, er det tre som heimfall kan bli gjeldande for.

Kraftverk	Natur hestekrefter	Installert effekt MW	Årleg produksjon GWh
Tussa	43117	64	263
Åmela	18402	33	129
Sørbrandal	6313	7,3	40
SUM	67832	104,3	432

1.3 Kvifor gir vi fråsegn?

Om lag 432 GWh kan bli omfatta av heimfall viss fleirtalsframlegga i NOU nr. 2004:26 blir vedteke. 75 år etter lovtidspunktet vil selskapet tape 2/3 av produksjonsrettane, det vil seie om lag 288 GWh. 144 GWh vil, grunna at kraftverka er små, tilfalle vertskommunar og 144 GWh vil tilfalle staten. Då det i vesentleg grad er lokalregionen som også er eigarar i Tussa og at det truleg om 75 år har skjedd ei endring i kommunestrukturen i lokalregionen som medfører endå betre samanfall mellom lokalregion og eigarskap, vil ein kunne seie at det som blir tapt for lokalregionen er den delen som går til staten og det tilsvarar 144 GWh. Dei aktuelle kraftverka det gjeld, er magasinverk med god installasjon, og det må kunne forventast ein verdi på over 3 kr/kWh. Delen som staten vil ta hand om vil for lokalregionen vår då dreie seg om 432 mill. kr. Tussa som eiga juridisk eining vil stå framfør eit tap på 864 mill. kr. Vi har heilt klårt direkte økonomiske motiv for å kommentere framlegget.

I tillegg vel vi i fråsegna også å peike på langsiktige konsekvensar om bortfall av lokale arbeidsplassar og om bortfall av regional utviklingskraft.

2 Høyring

OED sende den 1. desember 2004 utvalet si utgreiing i NOU 2004:26 Heimfall ut på høyring. Departementet tek ikkje standpunkt til om dei vil fremje fleirtalet eller mindretallet sine framlegg til lovendring. Alle framlegga er difor like aktuelle. Fleirtalet i utvalet rår til at alle får heimfall 75 år etter at lova er sett i kraft. Transaksjonsmodellen som mindretallet gjer framlegg om inneber at heimfallet først trer i kraft etter ei gitt periode etter at transaksjonen som utløyser heimfall er sett i verk. Mindretallet gjer framlegg om 60 år.

3 Tussa sitt prinsipielle syn på heimfall

Alle dei aktuelle framlegga til nye reglar om heimfall vil føre til ei opning for kommunalt og fylkeskommunalt nedsal i vasskraftproduksjon. Dette gjeld særleg dersom lovtidspunktmodellen skulle bli vedteken. Då vi som kraftprodusent kunne tenkje oss å disponere rettane i all æve, er innføring av heimfall negativt. Vi registrerer at dette synet ikkje har sjansar til å vinne fram politisk fordi gjennom heimfall får nasjonen den direkte eigedomsretten til vassfalla. Denne posisjonen gir om lag uavgrensa handlingsrom for styresmaktene.

4 Transaksjonsmodellen med grunngjeving

4.1 Omtale av transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen er ein implementeringsmåte. Med det blir det sikta til at det er ein modell for korleis nye reglar om heimfall kan innførast. Transaksjonsmodellen går ut på at alle som kjøper vasskraftproduksjon etter lovendringa blir underkasta vilkår om heimfall om 60 år rekna frå kjøpstidspunktet for det aktuelle vassfallet.

Når det gjeld kjøp av aksjar i selskap som anten sjølv eig vassfall eller gjennom andre selskap eig vassfall, må det fastsetjast kor mange aksjar som kan bli tillate å kjøpe før vilkår om heimfall blir utløyst.

Dersom terskelen blir sett til første aksje, vil vilkår om heimfall bli utløyst på det tidspunktet den første aksjen i selskapet eller i eit av dei selskapa som ligg bak selskapet blir selt. Ein så låg terskel vil vere altfor streng, men vil gjere transaksjonsmodellen enkel.

Om lag 88 % av vasskraftproduksjonen er eigd av offentleg eigde selskap. For offentlege eigarar som i dag eig det meste av kraftproduksjonen, inneber transaksjonsmodellen at deira evigvarande konsesjonar blir vidareført utan vilkår om heimfall så lenge dei sjølve vel og ikkje sel.

4.2 Grunngjeving for transaksjonsmodellen

Både omsyna som heimfallsutvalet i følgje Regjeringa sitt mandat skulle vektleggje og omsyna til rimeleg og rettferdig handsaming, tilseier at transaksjonsmodellen er den beste måten å implementere nye reglar om heimfall overfor kommunalt og fylkeskommunalt

eigde selskap.

Heimfallsutvalet sitt mandat

Offentleg styring og kontroll

Kommunar og fylkeskommunar har eit breitt samfunnsansvar. Det er enklare for staten å overstyre kommunale og fylkeskommunale eigarar enn private eigarar dersom det skulle vere nødvendig.

Grunnrenteinnndraging og offentlege inntekter

Den kommunale og fylkeskommunale eigarskapen gir rett til vesentlege årlege økonomiske bidrag både direkte og indirekte. Dette meir enn kompenserer for fråver av inntekter til det offentlege gjennom heimfall av vassfall eigd av kommunar og fylkeskommunar. Kommunar og fylkeskommunar er som staten representant for sine innbyggjarar, og inntekter til dei er difor inntekter til fellesskapen.

Harmonisering av regelverket mellom aktørane

Transaksjonsmodellen vil føre til likestilling av alle potensielle kjøparar av vassfall eller partar i selskap som eig vassfall, uavhengig av om kjøparen er eit kommunalt eller fylkeskommunalt selskap, statleg selskap, privat, utlending eller kombinasjonar av dette.

Enkelte hevdar at transaksjonsmodellen vil ha innelåsingseffekt, då noverdien for offentlig eigar utan vilkår om heimfall vil vere høgare enn for potensielle kjøparar som blir underkasta vilkår om heimfall om 60 år. Transaksjonsmodellen inneber full marknadsopning, men at han også respekterer det rettsvernet som ligg i dei evigvarande konsesjonar offentlig eigarar har. Berre gjennom transaksjonsmodellen er det gjort ei rimeleg avbalansering mellom desse to omsyna. Vidare vil opninga av utleigemarknaden gi ei fullstendig marknadsopning på driftssida i vasskraftproduksjon.

Effektiv ressursbruk, verdiskaping og konkurranse

Transaksjonsmodellen kombinert med framlegget om opning av utleigemarknaden vil gi dynamikk på driftssida i vasskraftproduksjon.

Ei opning for utleige motverkar eventuell fare for ineffektiv drift og påfølgjande samfunnsøkonomiske tap som følgje av påstått innelåsingseffekt. Spørsmålet om ein vil leige ut eller ikkje er i følgje økonomisk teori eit spørsmål om ein trur ein vil tene meir på å drive anlegget sjølv enn det aktuelle leigarar er villige til å by. Sistnemnde vil leggje inn bod som gjenspeglar kva dei trur dei kan tene på å ta over drifta. Slik blir ein i teorien sikra at den aktøren ein reknar med er best til ei kvar tid, driv anlegga.

Forenkling av lovgjeving, framsyn og transparens

Lovtidspunktmodellen er regelteknisk enklare. Omsynet til å gjere ting enkelt må likevel avvegast mot omsynet til rettane kommunane og fylkeskommunane har skaffa seg. Transaksjonsmodellen inneber ei rimeleg interesseavveging i motsetnad til lovtidspunktmodellen.

Omsynet til eigarane i dag, og andre viktige omsyn

Det må vere rimeleg

Kraftproduksjonen til dei kommunale og fylkeskommunale e-verka er utbygt og betalt av

kommunane, fylkeskommunane og innbyggjarane deira. Dette er ei form for sparing som har skjedd over lang tid. Lovtidspunktsmodellen inneber at desse oppsparte verdiane skal overgjevast frå dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar til Staten om 75 år. Dette er som å endre spelereglane dramatisk midt i spelet.

Uavhengig av juridisk grunngeve erstatningsplikt krev ei slik tvangsavståing ei samfunnsmessig god og rimeleg grunngeving.

Valfridom

Transaksjonsmodellen opnar for fritt sal og utleige til kven ein måtte ønskje. Det er positivt at kommunar og fylkeskommunar no vil få ein reell tilgang til å selje og leige ut til kven dei måtte ønskje.

Salspress

Lovtidspunktsmodellen vil føre til et monaleg salspress. Det skuldast at kraftproduksjonsanlegga ei stund etter lovendringa vil begynne å miste verdi fordi det blir kortare til tidspunktet for heimfall og til slutt ha ein verdi lik null for både opphavlege eigarar og potensielle kjøparar. For å unngå eit slikt verdifall og sikre seg høgast muleg salspris, må kommunane og fylkeskommunane selje innan rimeleg tid etter lovendringa.

Salspresset vil, sett frå kommunale og fylkeskommunale eigarar sin synsvinkel, forsterkast av mellombelse forhold som kan medføre irreversible sal. Som eksempel på slike forhold kan nemnast svak kommuneøkonomi i ein periode, budsjettbalanse, konjunkturane i bransjen, tørr år/våt år, partifarge/ideologi og tilrådingar frå konsulentar og rådgjevarar som har sjølvstendig interesse i at det skjer et sal.

Som samanlikning legg transaksjonsmodellen det godt til rette for vidare satsing på kommunalt og fylkeskommunalt eigarskap i vasskraftsektoren.

Samfunnsmessige og økonomiske verknader av lokalt og regionalt eigarskap

Kommunar og fylkeskommunar legg også vekt på andre omsyn enn reine kortsiktige økonomiske omsyn i samband med utøving av eigarskapet sitt innan kraftsektoren. Eigarskapet sikrar selskapet lokal tilknytning. Utanom å sikre eksisterande arbeidsplassar og næringsliv tilknytt selskapet, er desse bedriftene viktige motorar for satsing i det lokale/regionale næringslivet. Samla gir dette viktige positive utslag for lokalsamfunnet og regionalt i form av næringsutvikling, arbeidsplassar, kompetanse, skatteinntekter og andre ringverknader. Lokale offentlege eigarar er truleg også betre forvaltarar av lokale naturressursar enn sentrale styresmakter vil vere.

5 Unntak for kommunar og fylkeskommunar

Forslaget går ut på at kommunar og fylkeskommunar som er direkte eigarar av vassfall, dvs. ikkje blir eigd gjennom selskap men av kommunane eller fylkeskommunane sjølv, og som blir nytta til kraftproduksjon, blir unnateke frå vilkår om heimfall.

Unntak frå vilkår om heimfall for kommunar og fylkeskommunar som såleis, opnar for nye måtar å organisere det kommunale og fylkeskommunale eigarskapet til vasskraftproduksjon. Dette alternativet er særleg viktig dersom ein vel

lovtidspunktsmodellen.

Dersom unntaket blir vedteke kan kommunar og fylkeskommunar overføre vassfalla som pr. i dag tilhøyrrer deira kraftselskap, til seg sjølv. Er det fleire kommunale og/eller fylkeskommunale medeigarar i same kraftselskap, kan dei anten gjere ei fordeling slik at kvar blir eigar av utvalde vassfall eller etablere eit sameige i alle vassfalla. Etterpå kan vassfalla leigast tilbake til selskapet eller andre fram til heimfallstidspunktet startar etter lovtidspunktsmodellen. Maksimale utleigetid må lovfestast til same tidspunkt som heimfallstidspunktet.

Etter heimfallstidspunktet vil staten som følgje av heimfall ha ein stor portefølje vassfall. Tilsvarande vil kommunar og fylkeskommunar som har leigd ut framleis ha eigedomsretten til sine vassfall etter heimfallstidspunktet. Ein stor del av fallrettar Tussa utnyttar er allereie organisert slik ved at kommunar og fylke er eigar og leiger dette ut til Tussa.

6 Erstatningsplikt etter Grunnlova § 105

Lovtidspunktsmodellen vil truleg utløyse ein ikkje liten erstatningsplikt for staten overfor kommunar og fylkeskommunar som må avstå frå vassfalla sine med tilknytte anlegg, etter Grunnlova § 105 om erstatning ved ekspropriasjon. Nettoeffekten etter lovtidspunktsmodellen for regionen vår, vil vere kring 430 mill. kr på heimfallstidspunktet med dagens pengeverdi.